

# ÅRSRAPPORT 2005



**BARNEOMBUDET**

Barneombudet  
Hammersborg Torg 1  
Postboks 8889 Youngstorget  
0028 Oslo

TLF: 22 99 39 50  
FAX: 22 99 39 70

[post@barneombudet.no](mailto:post@barneombudet.no)

[www.barneombudet.no](http://www.barneombudet.no)

[www.faktisk.no](http://www.faktisk.no)

## **Personalressursar**

Ved utgangen av 2005 hadde Barneombodet 12,5 faste stillingar, inkludert Ombodet. Vidare var det ein mellombels tilsett medarbeidar på tiltak via Aetat, og ein jusstudent som ekstrahjelp på deltid. Deler av året var det óg tilsett ein sivilarbeidar.

Kjønnsfordelinga på kontoret ved utgangen av 2005 var høvesvis 7 kvinner og 6 menn.

Gjennomsnittsalderen på kontoret var 44 år; høvesvis 43 for kvinner og 47 for menn.

Sjukefråveret vart redusert frå 5,9 % i 2003 til 3,6 % i 2004.

Sjukefråveret 2005 var på 3,7%, dvs. ingen dramatisk endring frå året før.

Det har vore eit mål å ha ein stab med best mogleg jamm fordeling mellom kvinner og menn.

I tillegg til Barneombodet, Reidar Hjermann, har personalet i 2005 bestått av:

Knut Haanes (nestleiar)  
Britt Fredriksen (sekretær)  
Thomas Hepsø (rådgjevar/IT)  
Frøydis Heyerdahl (rådgjevar)  
Sidsel Bjerke Hommersand (kommunikasjonsrådgjevar)  
Kari Jevne (rådgjevar)  
Lillian Juvkam (1. sekretær)  
Jan Mossige (seniorrådgjevar)  
Wilhelm Berg (økonomi-/personalrådgjevar)  
Kari Stenquist (rådgjevar)  
Arild A. Søgnen (rådgjevar)  
Anette S. Thorstensen (rådgjevar)

## **Miljøleiing**


Barneombodet har, i samband med Grønn stat, vidareført arbeidet frå 2004.

- Strøminnsparing - der kvar og ein passar på slå av lys og regulere varmen i størst mogleg grad.
- Huseigar, OBOS, arbeider aktivt med prosjekt knytte til energiøkonomisering.
- Vidareført fokus på papirforbruk med omsyn til utskrift og kopiering.
- Kjeldesortering med følgjande grupperingar:  
Papp, papir, plastfolie, flasker/kanner, treverk, lysstoffrør/sparepærer, glass-/metallemblasje, EE-avfall (elektrisk og elektronisk), anna miljøskadeleg avfall, restavfall.

## **Rekneskap 2005**

Barneomboudets rekneskap for 2005 ligg 3.8% under tilsvarende tal for året før. Dette skuldast bortfall av prosjektmidler som Ombodet disponerte over i 2004.

| <b>Rekneskap</b>           | <b>2004</b> | <b>2005</b> |
|----------------------------|-------------|-------------|
| Løn og personalutgifter    | 5 801 000   | 5 685 000   |
| Maskiner, inventar, utstyr | 189 000     | 299 000     |
| Forbruksmateriell          | 144 000     | 132 000     |
| Reiser, representasjon     | 466 000     | 425 000     |
| Kontortenester             | 824 000     | 513 000     |
| Informasjon                | 123 000     | 137 000     |
| Bygningsdrift/lokalleige   | 1 081 000   | 1 111 000   |
| Sum                        | 8 628 000   | 8 302 000   |



## Mengd førespurnader

Mengd på skriftlege førespurnader til Barneombodet er framleis aukande, dette trass i at stadig meir informasjon blir henta frå Internettsidene. I 2005 opplevde Ombodet ei fordobling av vitjingar på internettsidene våre. [www.barneombudet.no](http://www.barneombudet.no) hadde i snitt 42 000 unike vitjingar per månad, noko som svarar til om lag 500 000 vitjingar i 2005, mot 260 000 treff i 2004 og 150 000 i 2003.

Den totale mengd dokument i 2005 (inngåande og utgåande) var 4 156, fordelt som følgjer:

|  | <b>2004</b> | <b>2005</b> |
|--|-------------|-------------|
| Totalt inngående dokument registrert i postjournal | 2 262       | 2 762       |
| Utgående brev                                      | 1 173       | 1 394       |

## Telefonførespurnader

Året 2004 gjekk Barneombodet over til nytt telefonsystem, og vi har difor ingen telefonstatistikk for dette året. I 2005 er det i alle fall registrert 11000 telefonar inn til vårt kontor. Til samanlikning vart det registrert 5200 telefonar i 2003, så her óg kan vi peika på ei svært stor auking.

## Klar Melding Inn

Klar Melding Inn/Ut har lenge vore Barneombodet sitt viktigaste dialoginstrument med barn og unge. På den grøne lina Klar Melding Inn (800 31 700) har barn og unge kunna ringje inn meiningar, syn, spørsmål om rettar eller ønskje om råd. Eit utval av meldingane blir besvara og lagt ut på NRK tekst-TV og på heimesidene våre. Barn og unge kan óg gå inn på Barneombodet sine Internettsider og sende inn meldingar per e-post.

Tal på meldingar til kontoret på nett og telefon er framleis aukande, men det er ein klar tendens til at fleire av telefonførespurnadene er useriøse. Det er no langt fleire tenester og telefonar som barn og unge kan vende seg til med spørsmåla sine, og det verkar som om desse blir nytta. Barneombodet har diffor lagt ned Telefontenesta i 2005, då utgiftene knytte til denne telefonen ikkje samsvarar med den praktiske nytten vi kan seie at telefonen har no.

Stadig fleire av dei seriøse førespurnadenene kjem via e-post, og kontoret ønskjer å satsa tyngre på dette området. Internettsidene våre med ”Ofte stilte Spørsmål og Svar” (FAQ) blir nytta stadig oftare. Dette erstattar avgjord også direkte spørsmål via Klar Melding.

## Deltaking konferansar/seminar

Barneombudet fikk i 2005 til saman 439 førespurnader om å delta med innlegg på konferansar og seminar. Vi var i stand til å svara positivt på 180 av desse førespurnadene.

## Høyringsfråsegn

Barneombodet har i 2005 levert 45 høyringsfråsegn:

- Særreglar for leilegheiter til vitjande i fengsel
- Framlegg til endringar i opplæringslova - Opplæring i helseinstitusjonar og barneverninstitusjonar
- Framlegg til forskrifter til ny barnehagelov
- Framlegg til endring i lov 28. februar om adopsjon - Innføring av obligatoriske adopsjonsførebuande kurs
- Framlegg til ny forskrift om skytevåpen mv (våpenforskrift)
- Framlegg til revidert rammeplan for barnehagen
- Ny straffelov: Framlegg til generelle reglar om formildande og skjerpande omstende i straffeutmålinga og om skjerping av reaksjonen for dei alvorlegaste lovbrota (domstolsbestemt prøvelauslating)
- Krav om politiattest for helsepersonell og sosialpersonell)
- Framlegg til heimel for friviljuge organisasjonar til å krevje politiattest
- Utkast til forskrift om kommunen sine oppgåver etter lov om barnevernteneste
- Høyringsnotat om interkommunalt samarbeid
- Sjølvstendig næringsdrivande sine trygderettar ved svangerskap, fødsel og omsorg for små barn
- NOU 2004: 9  
Om ressursbruk og rettstryggleik i fylkesnemndene for sosiale saker
- NOU 2005: 11  
"Det offentlege engasjement på tannhelsefeltet"
- Nasjonal strategi for tobakksførebygging 2006-2010
- Framlegg til endringar i ektesapslova og straffeprosesslova som ledd i regjeringas innsats mot tvangsekteskap
- Framlegg om endringar i straffegjennomføringslova
- Framlegg til forskrift om fastsetjing av farskap utan mors medverknad
- Etterleving av aldersgrensa 18 år ved sal av tobakksvarer - Innføring av statleg tilsynsordning
- Framlegg til endringar i film- og videoprogramlova
- Utkast til lov om endringar i valdsofferstatningslova
- Framlegg til læreplan i Kristendoms-, religions- og livssynskunnskap (KRL) for Kunnskapslyftet
- Om endringar i lova for pasientar sine rettar - Helsehjelp til pasientar utan samtykkekompetanse
- NOU 2005: 3  
"Frå stykkevis til heilt - Ei samanhengjande helseteneste"
- Prøveprosjekt for pengespel på internett og andre elektroniske kanalar
- Framlegg til endringar i opplæringslova og friskolelova
- NOU 2005: 1 God forsking - betre helse
- Endringar i utlendingsforskrifta som gjeld arbeidsløyve for idrettsutøvarar og trenarar
- Etniske retningsliner for statstenesta
- NOU 2004: 20 Ny utlendingslov
- Framlegg om å innføre obligatorisk mekling ved samlivsbrot for sambuarar med felles barn og å oppheve barnelovas definisjon av vanleg rett til samvere
- NOU 2004: 18 Heilskap og plan i sosial- og helsetenesta
- Endring av forskrift til opplæringslova § 1-1, femte ledd
- Framlegg til endringar i utlendingslova §§ 6 og 39 og utendingsforskrifta §§ 10, 121, 122 og 195
- NOU 2004: 22 Velhaldne bygningar gir meir til alle  
Eigedomsforvaltningsutvalets utrgreiing
- NOU 2004: 16 Verjemål

- Framlegg til forskrift om prøveordning med narkotikaprogram med domstolskontroll
- Høyningsnotat om endringar i psykisk helsevernlova og lova for pasientrettar
- Forskrift om organisasjon og verksemد for Likestillings- og diskrimineringsombodet og Likestillings- og diskrimineringsnemnda, samt endringar i påtaleinstruksen kap. 5
- Vilkår for familieattendeføring - Framlegg til endring i utlendingsforskrifta
- Framlegg til lov om endringar i lov 17. juli 1953 nr. 28 om heimevernet (pliktig teneste i visse skarpe operasjonar utanom krig eller når krig trugar)
- Dommaravhør og observasjon av barn
- Forskrifter knytte til rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar og forskrift om nasjonalt personregister for deltaking i introduksjonsprogram og opplæring
- Høyningsnotat om ny barnehagelov
- NOU 2004: 17 Statleg tilsyn med kommunesektoren - Tilsynsutvalets utgreiing

## **Verksemda 2005**

Barneombodets verksemd og agenda blir i stor grad styrde av dei daglege førespurnadene som kjem inn til kontoret. Desse førespurnadene representerer verdfull erfaring og kunnskap som bør koma til nytte i den praktiske politikken.

Førespurnader frå privatpersonar blir følgde opp med rådgjerder, rettleiing eller tilvising til relevant instans. Barneombodet får òg ei formidlarrolle for å få etablert dialog og rørsle i saker der partane er komne inn i fastlåste posisjonar. I nokre saker er innsynsretten tatt i bruk, kombinert med oppfølging i høve lokal/regional forvalting.

Eit overordna mål i Ombodets handsaming av førespurnader er:

- å gje rask og relevant hjelp
- å utvikla rutiner for å handtera den informasjonen som ligg i førespurnadene på føremålstenleg vis
- å knyte kontaktar med andre instansar som har tilgrensande og overlappande funksjonar i høve til barn og unge

Ombodets hovudmål går fram av Lov om Barneombod. Overordna oppgåve er å fremje barn sine interesser i samfunnet, medrekna om lovverket, forvalting og rettspraksis samsvarar med dei forpliktingar Norge har etter FNs konvensjon om barns rettar. FNs Barnekonvensjon er no norsk lov etter at den vart tatt inn i Lova for menneskerettar. Dette gjev eit ytterlegare styrka mandat til Barneombodet. I motsetnad til dei andre ombuda, har ikkje Barneombodet ansvaret for konkret forvalting av lovverket i form av enkeltvedtak, men skal overvaka alle deler av barn og unge sine oppveksttilhøve. Eit unnatak frå dette er Ombodets ansvar i høve Lov om Film og Videogram.

Fem hovedområde vil bli sentrale for Ombudet sitt arbeid i 2005:

- Barns oppveksttilhøve lokalt. Samarbeid mellom dei ulike sektorar som har ansvar for barns oppvekstmiljø.
- Barn og helse
- Betring av arbeidsmiljøet og tilhøva i barnehage og skole. Ei ytterlegare satsing på vaksnes leiaransvar - i tillegg til styrking av barn og unges eige engasjement.

- Barns aktive medråderett
- Iverksetjing av barnekonvensjonen i statleg og kommunal politikk.

Lokale prioriteringar er avgjerende for barns levekår. Ein god oppvekst krev diffor vilje til prioriteringar, samarbeid og eit heilskapleg syn på barndomen. Dette heilskaplege synet må liggje til grunn for alle avgjerder og tiltak, slik at ansvarsfråskriving ikkje blir mogleg. Positiv oppvekst krev klare statlege signal til det lokale nivå, slik at grunnleggjande tilhøve for ein god og utviklande barndom kan sikrast. Som norsk lov skal Barnekonvensjonen legge grunnlag for så vel statleg som kommunal politikk på dette området.

For at alle aktørar i samfunnet, inkludert barn og unge, skal kjenne sine rettar og sine plikter, må arbeidet knytt til medvitsgjering rundt Barnekonvensjonen intensiverast. Her har Ombodet ønskje om å vidareføre dei positive erfaringane frå arbeidet med rapporteringa til FN, gjennom prosjektet "Livet Under 18."

Det er framleis behov for å fokusere på tilhøva til utsette barn og unge, som til dømes barn innan Barnevernet og asylsøkjebarn - samt dei utfordringane som andre språklege og etniske minoritetar møter i samfunnet vårt. Barn og helse er eit område som Barneombodet ønskjer å vie ekstra merksemd.

Eit sentralt område for Ombodets arbeid har vore skoleverket; både med tanke på skolen som arena for medverknad og med tanke på elevanes arbeidsmiljø. Reformene i skoleverket krev overvaking. Arbeidet med å vidareføre grunnidéane bak Manifest mot Mobbing er blitt prioritert, men perspektivet er ytterlegare utvida ved også å setje fokus på elevanes eigne initiativ og eigen styrke i arbeidet med å skapa gode tilhøve på skole og i fritida. Gjennom arbeidet med Manifest mot Mobbing har Ombodet fått meldingar attende frå barn og unge som sjølv ønskjer ei meir sentral rolle i dette arbeidet og som sjølv ønskjer å bidra til ei positiv utvikling. Dette er signal Barneombodet har fylgt opp.

## **1. Medverke til gjennomføring av FNs barnekonvensjon, lokalt, nasjonalt og internasjonalt**

- Oppfølging/overvaking i samband med inkorporeringa av FNs barnekonvensjon
- Medverke til at lokal politikk for barn og unge byggjer på Barnekonvensjonen.
- Medverke til å styrke barns rettstryggleik gjennom stimulering av Barnevernet.
- Hjelpa til med informasjon og undervisningsopplegg i Barnekonvensjonen for mellom anna utdanningsinstitusjonar.
- Initiere ein brei gjennomgang av barns helse med tanke på om planlegging av tilbod og tiltak på området er heilskapande nok til å kunne møte krava i artikkel 24.
- Medverke til at intensjonane i Opplæringslovas §9A blir ein realitet for alle barn og unge.
- Overvake barn og unges mediekvardag, jf Art 17 i Barnekonvensjonen, med særleg vekt på film, TVs sendeflater og innhald, samt reklame.

### ***Barnekonvensjonen***

Arbeidet med å følgje opp inkorporeringa av FNs barnekonvensjon er ein kontinuerleg prosess som gjennomsyrer Barneombodets verksemd. På alle oppvekstområde og i einkvar diskusjon om barn og unges rettstryggleik legg Ombodet vinn på å gjere relevante koplinger til dei rettane som er nedfelte i Barnekonvensjonen.

Når det gjeld internasjonale relasjonar og oppfølging av barnekonvensjonen, var Barneombodet i Beijing frå 30. mai til 6. juni 2005. Føremålet med turen var å informere kinesiske styresmakter og andre relevante aktørar om barneombodsordninga, samt setje fokus på barn sine rettar.

Sjølv om Barneombodet ikkje er vedtaksfør i konkrete saker, har kontoret ein viktig funksjon som rådgjevar, ikkje minst i høve til verkeleggjeringa av Barnekonvensjonen i lokale avgjerder. På oppdrag frå Barne- og familidepartementet har Senter for Menneskerettar utarbeidd eit informasjonshefte om Barnekonvensjonen. Barneombodet hadde ei rekke innspill til dette heftet, og det er blitt eit godt hjelpemiddel for kommunale avgjerdinstansar i høve konkretisering av Barnekonvensjonen.

#### ***Barnevernet i Oslo***

Barneombodet har i samarbeid med Kirkens Bymisjon, Norges Røde Kors og Foreningen for Barnevernsbarn arrangert ein konferanse eller ei høyring om visjonar for barnevernet i Oslo. Idéen bak konferansen var å setje søkjelyset på det som vi som samarbeidspartnarar har opplevd av utfordringar i barnevernet i Oslo. Bidragsytarane var i første rekke fagpersonar innan barnevernet og relaterte etatar. Høyringa munna ut i ein rapport frå arrangementet med spørsmål til bystyret med utfordringar kring framtida til barnevernet.

#### ***Kriminalomsorg for barn***

Barneombodet har hatt fokus på kriminalomsorga, med særleg fokus på barn i varetekts- og tilhøva for barn under soning. Barneombodet skreiv 18. mars 2005 til Europarådets torturovervakingskomité vedrørande varetektsfengsling av barn. Ombodet etterlyste eit betre tilbod spesielt tilrettelagt for barn. Ved ei vitjing i Oslo fengsel såg vi mellom anna nærare på prosjektet Stifinnaren junior. Det har gjennom året blitt fokusert på barnevernets rolle i samværesaker og i kriminalomsorga. Barnevernet og fokus på dette blir brukt i høyringar og blir tatt opp på møter og konferansar.

#### ***Barn og helse***

Barneombodet har sett fokus på mellom anna problematikken i høve til at barn ikkje får helsehjelp grunna problematiske samtykkeregler. Dette er tatt opp med Helse- og omsorgsdepartementet i høyringsfråsegn til endringar i psykisk helsevernlova og lova for pasientrettar. Vidare har vi hatt fokus på barn som pårørande, særleg barnets behov for å få informasjon om foreldras sjukdom. Barneombodet har i samarbeid med organisasjonen Alkokutt, Forbrukarombodet og Forbrukarrådet diskutert problemstillingar kring alkoholvaner blant unge mennesker. Barneombodets initiativ knytt til innføringa av eit sunt og godt skolemåltid til alle elevar i grunnskolen vart vidareført i 2005. Barneombodets hovudfokus var måltidets innhald og mogelegheitene for praktisk gjennomføring. Arbeidet held fram inn i 2006, til skolemåltidet er ein realitet.

Kontoret har gjennom sitt arbeid sett fokus på barn og ungdom med minoritetsbakgrunn, samt integreringsproblematikken. Situasjonen for einslege, mindreårige asylsøkjarar har også i 2005 vore i fokus for Barneombodet sitt arbeid.

På bakgrunn av førespurnader til kontoret og gjennom kontaktar med fagmiljøa, har Barneombodet sett behovet for å intensivere arbeidet inn mot ein analyse av korleis helsevesen, barnevern, politi og rettsapparat samla fungerer i saker om vald og brått uventa dødsfall i sped- og småbarnsalder.

### ***Opplæringslova Kap 9a***

Opplæringslovas kapittel 9A peikar på dei rettane barn og unge har til et godt arbeidsmiljø både fysisk og psykososialt i skolen. Barneombodet har drive aktiv rettleiing om bruk av opplæringslovas kapittel 9A i ei rekke situasjonar gjennom føredrag, telefonsamtalar, brev og, ikkje minst, e-post. Ombodet har eit tett samarbeid med Foreldreutvalet for Grunnskolen, Elevorganisasjonen og Norsk Forum for Betre Innemiljø for Barn, NFBIB. Gjennom våre nettsider og direkte førespurnader blir det gitt rettleiing på telefonen om framgangsmåtar på klageretten og informasjon om skolanes internkontrollsysteem. Barneombodet har etablert eit omfattande samarbeid med Elevorganisasjonen generelt og spesielt gjennom møter i Forum for betre inneklima i skolar, der opplæringslovas § 9a-2 har vore sentral.

### ***Manifest mot mobbing***

Barneombodet har hatt ei aktiv rolle i prosjektet SUM= Saman! Utan mobbing. I juni 2005 vart eit nytt manifest mot mobbing underteikna. Barneombodet, som i si tid tok initiativet til det første mobbemanifestet, var denne gongen ikkje blant partane som underteikna manifestet. Grunnen til dette er at Ombudet nå ønskete å trå inn i ei overvakingsrolle i tråd med Ombudets mandat, der ein i dialog med dei andre partane kunne medverke til ei evaluering av arbeidet mot mobbing. Ombodet har samarbeidd med ulike kommunar og lokalaviser som ønskjer å setje arbeidet mot mobbing på dagsorden.

### ***Reklame mot barn***

Barneombudet har i samarbeid med Forbrukarombodet, Forbrukarrådet, Framtida i Våre Hender, Barnevakta, Utdanningsforbundet, Foreldreutvalet i Grunnskolen, Annonsørforeininga og Kreativt Forum tatt initiativ til å krevje eit totalforbud mot reklame i alt undervisningsmateriell og på områda til skolen. Motivet for dette initiativet var å demme opp for det aukande kommersielle presset mot barn og hindre at ein kjem i den situasjonen at kvaliteten på utdanninga heng saman med skoleleiingas vilje til å skaffe reklamemidlar for å finansiere skolens kvalitet.

## **2. Medverke til å utvikle informasjon til - og kommunikasjon med - barn og unge slik at deira medverknad i samfunnet blir reell**

- Styrke barn og unges medverknad, mellom anna gjennom oppfølging av elevrådsarbeidet.
- Vidareutvikle InternettParlamentet til ein reiskap for aktiv medverknad.
- Vidareutvikle arbeidet mot mobbing gjennom å styrke elevanes eigne engasjement.
- Styrke samarbeidet med barne- og ungdomsorganisasjonar.
- Medverke til å styrke godt lediarskap på alle nivå som arbeider med og for barn og unge.
- Styrke Barneombodets nettsider med relevant informasjon til barn og unge, samt vidareutvikle forskingsformidling.

### ***Ungdomsrådet***

Hausten 2005 etablerte Barneombodet sitt Ungdomsråd. 12 ungdomar frå ulike vidaregåande skolar i Oslo-området vart Barneombodets rådgjevarar for eit år.

### ***InternettParlamentet***

Barneombodets InternettParlament består av 70 skolar over heile landet der elevråda kjem med innspel til Ombodet ut frå definerte problemstillingar. Elevråda svarar på spørsmål og drøftar problemstillingane via internett.

### ***Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar***

Det har, mellom anna via Forum for Barnekonvensjonen, vore samarbeidd med ei rekke organisasjonar som arbeider for barn og unge. Den uorganiserte delen av ungdomsmiljøet har også vore fokus for Ombudets arbeid, og vi har gjennom året vore i kontakt med personar som arbeider for å få tilrettelagt meir fysisk aktivitet for barn og unge som ikkje er med i organisert idrett.

### ***Barneombodets nettsider***

Eit omfattande arbeid er lagt ned i opprustinga og vidareutviklinga av Barneombodets nettsider, særleg med tanke på nyheitsstoff, forskingsformidling og barne- og ungdomssidene. Mengda av treff på nettsidene illustrerer at dette arbeidet har bore frukter og at publikum i ulike aldersgrupper i stadig større grad hentar informasjon frå nettsidene på [www.barneombudet.no](http://www.barneombudet.no). I 2005 var det i snitt ca 40.000 unike besøkjand per månad på Barneombodets nettsider.

### ***Barn og nye medier***

Barneombodet har også i 2005 fokusert på det omfattande området som kan kallast ”Barn og nye medier.” Det er eit stort behov for rådgjeving kring barn og unge knytt opp mot den nye digitale kvardagen. Ei rekke førespurnader kjem frå pressa og frå føresette, skolar og organisasjonar. Problemstillingane det blir søkt råd om gjeld til dømes publisering av personleg informasjon på nettet, rettar i samband med netthandel, nettvett, chat, mobiltelefoni, og dataspel.

Barneombodet har samarbeidd med mange fagmiljø kring desse emna, mellom anna SAFT. SAFT - Safety, Awareness, Facts and Tools - er eit all-europeisk prosjekt som har som mål å fremje sikker bruk av internett blant barn og ungdom. SAFT ønskjer å læra barn og tenåringar korleis dei minskar ”risikoåttferd” og kan bli ansvarlege internettbrukarar. Arbeidet har i stor grad vore fokusert på å gje foreldre, lærarar og internettindustrien midla for at barna skal kunne nå dette målet.

Det har vore sterkt fokus på seksuelle overgripistarar som opererer på internett. Barneombodet har deltatt i arbeidet til ei tverrfagleg gruppe og har vore aktiv i debatten via media. I samband med andre fagmiljø er det utforma eit rettleiingshefte for foreldre som gir informasjon om faremoment og gir opplysningar om ”Safer Internet use.”

Mykje merksemrd har også vore retta inn mot barn og mobilbruk. Mellom anna har Barneombodet i brev til styresmaktene etterlyst ein tydeleg spesifikasjon av strålefaren ved dei ulike mobiltelefonmerka. Ombodet meiner at denne type forbrukarinformasjon vil vere ein viktig kundeservice på line med annan varefaktaopplysing som finst på til dømes matvarer.

## **3. Medverke til å setje barn og unge på samfunnets dagsorden**

- Overvake nasjonal og lokal prioritering av oppvekst og levekår for barn og unge.
- Rettleie avgjerdstakrar på alle nivå i høve barnefaglege spørsmål.

### ***Høyringsfråsegn***

Barneombodet har gitt høyringsfråsegn og elles deltatt i debatten for å styrke barn og unges høve til å få hjelp etter behov på eit høgt fagleg nivå, mellom anna gjennom å arbeide for ei styrking av PP-tjenesta i skolane.

### ***Barn og utlendingsforvaltinga***

På utlendingsfeltet mottek Barneombodet ei rekke førespurnader. Særlege område vi har fokusert på i 2005 er:

- verjer til einslege mindreårige (skrive høyringsfråsegn og halde føredrag for verjer).
- aldertesting av barn
- utforming av vedtak på utlendingsfeltet når dei vedkjem barn, til dømes korleis barnekonvensjonen kan brukast
- Retur av sjuke barn - korleis blir dei tatt vare på i heimlandet?
- Einslege mindreårige asylsøkjarar - tilhøva på mottak.
- Bruk av barnefagleg kompetanse i utlendingsforvaltinga.
- Barn i kyrkjesyrl der vi har vore i kontakt med politiets utlendingseining for å sikre oss at barna ikkje risikerer å bli tatt av politiet dersom dei rører seg utanfor kyrkjeromet.

### ***Samiske barn og Barneomoudet***

Barneombodet har tatt initiativ ovanfor Sametinget, der vi særleg har peika på behovet for å utvikle eit tettare samarbeid mellom anna innanfor følgjande område:

- Lærebøker på ulike samiske språk.
- Barnevern- og fosterheim for samiske barn.
- Psykisk helsevern for samiske barn.
- Reindrift- og slaktingsreguleringar som hindrar at barna kan få kjennskap til og lære om forvalting av sentral samisk kultur, mellom anna ved at barnehagebarna ikkje kan vere med på slakting.
- Samarbeid mellom nordiske barneombod om urbefolknings- og samiske spørsmål.  
Dette samarbeidet vil bli styrka og konkretisert i 2007.